



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Vigdis Tveit / 55516208

Vår referanse:  
18/9767-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
13.03.2019

### E39 Vike – Oversending av leigekontrakt til signering og retur – Gnr. 219 bnr. 41 i Lindås kommune

Vedlagd fylgjer signert leigeavtale i to eksemplar. Vi ber om at kommunen signerer og returnerer den eine til oss i vedlagd svarkonvolutt.

Faktura for leiga kjem i eiga sending.

Eigedomseksjonen  
Med helsing

Tveit Vigdis  
overingeniør

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
15 MAR 2019	
Ark. saksnr. 15/532	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 1

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25 MAR 2019	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



# LEIGEKONTRAKT

## 1. KONTRAKTPARTAR

**Utleigar:** Statens vegvesen Region Vest  
Adresse: Askedalen 4, 6863 Leikanger  
Organisasjonsnr.: 971 032 081  
Kontaktperson: Vigdis Tveit


**Leigar:** Lindås kommune  
Adresse: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
Organisasjonsnr.: 935 084 733  
Kontaktperson: Ketil Mikkelsen

## 2. LEIGEOBJEKT, AREAL OG TILTAK

**GBNR:** 219/41

**Adresse:** Gamle Vikanes ferjekai langs E39

Arealet ligg på biloppstillingplassen til nedlagde Vikanes ferjekai langs E39, på GBNR 219/41. Arealet er på 15x6m (90m<sup>2</sup>), og skal nyttast til skråstilt parkering for privatbilar. Parkeringsplassane blir merka opp. Offentleg skilt for parkering – 552, med underskilt for parkeringsavgrensing, kan bli vurdert sett opp ved behov. Skiltvedtak vil då bli sendt Statens vegvesen for godkjenning. Parkeringsarealet skal vere til offentlig bruk for kommunal flytekai. Det vil bli opna opp for gangtrafikk i eksisterande autovern, og grusa opp sti for tilkomst til flytekai. Flytekaien har mål 2,7 x 15,7m og har landgang på SVV sin eigedom. Kaien vil ha 5 utliggarar og ei fri side for større båtar som til dømes Osterfjord-ruta. Dispensasjon frå 50m byggjegrænse frå E39 og arealformåla i kommuneplanen er gjeve.



## 3. LEIGE

### Leiga

Det vert betalt eit eingongsbeløp på kr **13.500,-** som gjeld for **10 år**.

### Fakturering og betaling

Forskotsbetaling av leige for arealet skjer innan 30 dagar etter mottak av faktura frå Statens Vegvesen. Faktura for innbetaling blir sendt etter at avtalen er undertekna av begge partar.

**Fakturaadresse:** Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø / e-post: [regnskap@lindas.kommune.no](mailto:regnskap@lindas.kommune.no)

#### **4. LEIGEREGULERING**

Leiga vert ikkje regulert i leigeperioden. Blir leigeperioden forlenga må ny leigepris bli avtala.

#### **5. TINGLYSING OG PANTSETTING**

Leigeavtalen kan ikkje bli pantsett eller tinglyst då veggrunn ikkje er innført i grunnboka.

#### **6. DRIFT OG VEDLIKEHALD**

##### **a) Driftsutgifter**

Leigar ber sjølv kostnaden med eventuelle driftsutgifter knytt til utleigearealet, herunder kosting, brøyting, snørydding og strøing

##### **b) Vedlikehald**

Leigar er ansvarleg for vedlikehald av arealet, ev. skilt og merking som vert sett opp.

#### **7. LEIGETID OG FRAMLEIGE/OVERDRAGING/SELSKAPSMESSIGE ENDRINGAR**

##### **Leigetid**

Leigekontrakten trer i kraft frå datert og signert kontrakt, og gjeld 10 år fram i tid. Gjennom kontraktsperioden gjeld to års gjensidig oppseiingstid for både Leigar og Utleigar.

##### **Framleige/overdraging/selskapsmessige endringar**

Frå 01.01.2020 vil Lindås kommune ta slutt, og Alver kommune – organisasjonsnr. 920 290 922 – stå som Leigar. Ut over dette, er framleige og overdraging av kontrakten, heilt eller delvis, ikkje tillaten utan Utleigar sitt skriftlege samtykke.

#### **8. BRUK AV AREALET**

Leigeobjektet må berre brukast til parkering og tilkomst til kaianlegget.

#### **9. OVERTAKING**

Arealet vert stilt til disposisjon i den stand det er.

#### **10. FRÅFLYTTING**

Ved fråflytting skal arealet leverast attende ryddig og i same stand som ved overtaking. Skilt, kaianlegg og ev. andre innretningar blir fjerna. Utleigar aksepterer normal slitasje på området.

#### **11. MISLIGHALD**

Leigar vedtek at tvangsfraviking kan gjerast når leigetida er utlaupt, jf. § 13-2, 3. ledd, litra (b) i tvansfullbyrdesloven. Gjer Leigar seg skuldig i mislighald av leigekontrakten og/eller vedtekter, kan Utleigar sei opp leigekontrakten med 3 månader varsel. Leigar pliktar då å rydde og flytte frå arealet.

Leigar kan ikkje bringe til motrekning krav frå Utleigar med mindre motkravet er erkjent eller rettskraftig avgjort ved dom eller forlik. Gjer Leigar elles noko vesentleg brot på kontrakten, kan Utleigar heve kontrakten og Leigar pliktar å flytte frå arealet.

#### **12. ERSTATNING**

Leigar blir erstatningspliktig for all skade som skuldast verksemda, han sjølv eller tredjemann som nyttar eigedomen.

#### **13. TVISTAR**

Tvistar i leigeforholdet skal søkast løyst i minnelegheit. Dersom semje ikkje vert oppnådd skal tvisten avgjerast gjennom dei ordinære domstolar, med mindre det avtalast voldgift i følge tvistemålsloven kapittel 32. Voldgiftsretten skal nemast opp av det lokale vernettinget. Avgjerda skal vera grunnitt.

**14. TILKOMST KAI**

Leigar skal i heile leigeperioden ha gangbar tilkomst til eigen flytekai som er knytt til delareala. Tilkomst vert opparbeida og vedlikehalde av Leigar.

**15. STRAUM**

Leigar opprettar straumabonnement og målar for flytekaianlegget.

**16. SKILT OG OPPMERKING**

Parkeringsplassar blir markert på eksisterande asfaltdekke. Skilt som regulerer parkeringa vil bli vurdert sett opp ved behov.

**17. SIGNATURAR**


Kontrakten er utferdiga og underteikna i 2 eksemplar – eit til kvar av partane.

*Knaus*, den *22/3-19*

*Bergen*, den *12/03-2019*

For Leigar

*[Signature]*  
Lindås kommune



For Utleigar

*[Signature]*  
Statens vegvesen Region Vest



**Statens vegvesen  
Region vest**

